

M



Muritunet blei i 2017 ein del av BRIDGE-studien leia av Nasjonalt Kompetanseteneste for Revmatologisk Rehabilitering ved Diakonhjemmet Sjukehus. Studien er ein randomisert, kontrollert studie for personar med skadar, sjukdommar og plagar i muskel-og skjelett

BRIDGE-studien

Overordna mål i studien er å betre kontinuitet og kvalitet i rehabiliteringsforløp på tvers av nivå i helsetenesta.

BRIDGE-studien skal:

1) Evaluere effekten av eit program beståande av fire element som tar sikte på å bygge bru på tvers av nivå i helsetenesta; strukturert målsetting, skreddarsydd oppfølging, planer for eigeninnsats, og en individualisert skriftlig rapport som deltakaren kan bruke til å overvake endringar i eiga helse og funksjon og dele med viktige personer i helsetenesta, familien og sitt sosiale nettverk.

2) Bruke eit ny utvikla sett av kvalitetsindikatorar (KI) for å beskrive innhald i og organisering av rehabilitering ved dei ulike sentera, og til å undersøke samanhengar mellom grad av oppfyljing av indikatorar og resultat av rehabilitering for pasientane.

Pasientar ved Muritunet som får tilbod om å delta i studien er personar med kronisk muskel og blautdelssmerter og til kvinner med langvarige bekkenledds-

plager etter svangerskap.

Pasientar blir rekruttert i perioden 1. august 2017 til 31. juni 2018.

Inkluderte pasientar blir følgt eit år med elektronisk datainnsamling. Måletidspunkta er ved ankomst og avreise og 2, 7 og 12 månader etter rehabiliteringsopphaldet.

Åtte rehabiliteringsstadar i spesialisthelsetenesta frå alle helseregionar i Norge deltar med rekruttering av pasientar. Desse er Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus, Lillehammer Sanitetsforenings Revmatismesykehus, Meråker Kurbad, Muritunet, Rehabilitering Vest, Sørlandet Sykehus (Arendal), Valnesfjord Helseportssenter og Vikersund Kurbad.

Studien er finansiert av Norges Forskningsråd i en fem års prosjektperiode (2017 – 2021).

Samtykkebasert deltaking i studien. Studien er forankra i Regional Etisk Komité (REK), nr. 2017/665/REK Sør-Øst B, sine retningslinjer og lover for god medisinsk og helsefaglig forskningsetikk og dei lovene som gjeld for spesialisthelsetenesta.